

ÅRBOK FOR KARMSUND

HAUGESUND MUSEUM

ÅRSHEFTE 1951 — 1955

MUSEUMS- OG HISTORIELAGET FOR HAUGESUND OG BYGDENE
OG
SAMARBEIDSNEMNDA FOR BYGDE- OG BYBØKER I KARMSUND
1956

FORORD

Årbok for Karmsund er eit framhald på eit utvida grunnlag av dei årshäfte som med års mellomrom er utgjevne av Museums- og historielaget for Haugesund og bygdene, det fjerde i rekkja. Sidan siste årshäfte kom ut i 1950, er det kome til ein ny lokalhistorisk samskipnad, *Samarbeidsnemnda for bygde- og bybøker i Karmsund*, som har nær tilknytning til museums- og historielaget og er i røynda sprungen ut frå det.

Då dette skriftet skulle planleggjast, fall det av seg sjølv at det kom i stand eit samarbeid om det mellom museums- og historielaget og den nye samskipnaden for historienemndene i Karmsund, og det var naturleg å gi skriftet eit namn som uttrykkjer dette samarbeidet. I namnet ligg ein lovnad eller eit ynskje om å koma att, og med det nye arbeidsgrunnlaget som nå er skapt, skulle det ikkje vera umogeleg å gjera *Årbok for Karmsund* til eit årvisst forum for det lokalhistoriske og kulturhistoriske arbeidet her i distriktet. Når det gjeld stofftilfang, viste det seg i minsto alt ved dette skriftet at her er rike kjelder å ausa av, og her er mange både kunnige og interesserte lokalhistorikarar i Karmsund.

Skriftstyret rettar ei varm takk til dei som har skrive i årboka og til dei forretningsfolk, bankar og andre som ved sine lysingar har gjort det mogeleg å få henne prenta, og det vonar at dette tiltaket vil bli møtt med så stor samhug og interesse mellom folk i bygd og by at det gir mot til å koma snart att.

SEGN OG SOGA FRÅ VEST-KARMØY

AV JOHANNE FERKINGSTAD

INNFLUTTING AV FRAMANDFOLK

Det har visst stødt vore mykje tilsig av framande som har kome til Karmøy og vorte buande der; det er i minsto ikkje noko fenomen som høyrer vår tid til. Segna seier at svartedauden for så hardt fram her at øya vart mest snøydd for folk. Sotta nøgde seg ikkje med berre riva her, ho bruka sopelimen. Mange gardar vart liggjande øyde, og folk kom etter kvart mange stader frå og busette seg på Karmøy.

Ein harding kom og sette seg til på Heiå i Åkra. Etter han kalla dei staden Haringstad. Ein annan kom frå Hallingdal, og staden der han busette seg, vart sidan heitande Hallingstad. Det er gamle folk på Heiå som for lenge sidan er død og burte, som har sagt dette.

Mons og Peder Pallesen, to brør, kom og frå Hardanger. Mons vart gift med ei gardagjenta på Ferkingstad og slo seg ned der. Om ho hadde sysken, er ikkje sagt, men ho skulde ha stor jordeigedom.

I manntalet frå 1664 finn me ein Mons Jensøn. Jensa-namnet må vera kome til seinare, og både Jens og Mons har vore mykje brukte mannsnamn på Ferkingstad og over Vest- og Sør-Karmøy heilt ned til våre dagar. Pallenamnet høyrer me derimot ikkje gjete på Ferkingstad. Peder Pallesen for til Kvitsøy og vart gift der, vart det sagt, og Peder og Palle er namn som er mykje nytta på Kvitsøy ennå. Frå Kvitsøy er så Palle-namnet kome til Stavanger.

Mons Jensøn makeskifte seg til eit pund korns landsskyld med odel i garden Ferkingstad i 1676.

Utskrift av Ryfylke (eldre) sorenskriveris tingbok B. a. nr. 13 (Karmsund—Hesbø) 1676 fol. 18:

Anno 1676 Den 1 Jullj holtes Almindelig fierdingsting paa bøe i Auffelzne schibrede med schatternis betallings Anden Termin Sampt och Indsteffne Sager.

Jørgen Cortzen bye och Raadstoffeschriffuer i Staffuanger loed læsze Ett Mage schiffte Breff, Dateret Staffang 25 April 1676 Belangende at hand haffuer Mage sihiff Odel i Odel med Monsz Jenszen Firchingstad i stangeland schibrede, Saa Som Monsz Jenszen bekom aff Jørgen Cortzen Ett pund Kornsz goedz och land schyld i ferchingstad Och Jørgen Der Imod bekomit i en gard Lønning i Eggerszunndz schibred 14 Spand Korn Och udj Kringeland i schare schibrede 8 Spand Korn med bøxel paa baade Sider.

Dei fyrste som busette seg på Långhei i Skudenes skal etter segna ha vore to skottar. Det er ikkje sagt noko om dei var brør og om dei hadde huslyd med seg. Men underleg er det at på Långhei har dei heilt ned til vår tid hatt ein dialekt som har skilt seg ut frå bygdene i kring.

Etter det dei gamle har fortalt, kom her mykje utlendingar, helst tyskarar men og hollendarar og skottar og folk frå andre land, og busette seg på Karmøy.

Når me kjem fram til tida kring 1800 ser me at der i Skudenes-havn budde mange folk med svært framandslege namn, slike som: «Abraham Brun, tollbetjent, kone Petiunelle Walmer, Povl Christian Pieters, forhenværende skibscap. sies at eie et gammelt lods fartøi, kone Guddena Boknsen, Bertholdus Frederichsen, styrmand, Jonas Kirsebom Pieters, privilegeret gjæstgiver, kone Anna Giese Burhoff, Margrethe Kirsebom, født Krogh, Sl. Carstenes efterleverske, har nu intet at leve af, datter Gertrud Cospery Pieters, Husbonde Meiker Carstensen Pieters, skibscapitain, kone Maria Charlotte Gelmeiden, Husbonde David Waull og kone Mette Larsdatter Bral.»

FRÅ NØDSÅRA 1807—14

I krigsåra frå 1807 og frametter var det låke tider; segnene om det lever ennå mellom folk. Ringt stell var det til vanleg på dei fleste gardane, og til dette kom nå både «grønår og svartår», sa dei. Og når så også det kom til at engelskmannen forbaud dei å koma på sjøen etter ei fiskakoka, så kan nokon kvar tenkja seg kor ille det var. Potetene var enno ikkje komne så ålment i bruk at dei kunne få noko mykje å seia i matforsyninga. Litt poteter var der nok kringom hjå folk, men ikkje så mykje at der var større hjelp i det. Mange gjekk kring med tiggarposen, helst husmannsfolk.

På Langåkerslettene like vestanfor sjølve Langåker-garden der det no ligg svære åkrar og grøderike engjer, der var det ikkje likare stell enn at der vaks lyng mellom dei små åkerflekkjene. Når folk var ute og arbeidde der i onnetidene, då var det vanleg å raska med

seg heim ein grann lyng i stakkjen til å koka med når det leid til matmåla.

Det var vel elles slik at det var smått stell med noko å ha i gryta om det ikkje laga seg så vel både med sjøen og engelskmannen at dei kunde koma ut og få seg eingrann fisk. Når dei var så hepne, så vart gjerne den eine helvta salta og den andre helvta turka usalta og bruka i staden for brød. Så åt dei fisk attåt fisk, og ikkje var det nokon som klaga når det var så vel at dei hadde slik mat. Men det hende at folk gjekk heim når det leid til matmåla berre for eit syns skuld så det skulde sjå ut for hittfolke som dei hadde eit kvart å eta, og så åtte dei kanskje ikkje ein matsmule i hus, har dei gamle fortalt.

Ein gamal mann fortalde at meir enn ein gong hadde han høyrte farfar sin når der var nokon som var matvande, snakka om den gongen faren hadde vore avstad og fått fatt i ei skjeppa korn, og mora hadde teke og kokt noko av det med same — kokt kornet som det var! Dei var så svoltne at dei kunde ikkje venta til dei hadde fått det mole. Mora luta ut ein halv pegl til kvar og la det kring bordet til dei.

«De måtte vera mykje takksame både mot Gud og menneske nå bodn,» la han til, «De veit ikkje kva naud og svolt vil seia.»

Eg gløymer aldri desse orda hans beste, sa han som fortalde meg denne saga.

I den tida var det og at dette hende:

På Langåker budde det to gamle eit stykke sør for der huset etter Samuel Iversen nå står. Det var — som det jamnast var i den tida — svært smått for dei. Ein morgon det var fint sjøver, reiste mannen på sjøen, ville freista lukka og sjå om han kunne få noko matfisk. Dei åtte ikkje matså i huset då han for, men då han kom heim, stod det eit rykande grautfat på bordet. Som ventande var mannen svært forviten.

«Kor har du fått mjøl ifrå?» spurde han.

«Det er auno vår, det,» svara kona.

Dei hadde ei lita aun (åker) med korn sunnanom veggen. Så hadde ho skore, treskt, turka og mole kornet og kokt graut til mannen kom heim. Dette høyrest helst ut som ei skrøna, men er nå likevel sant. Ho hadde skore nokre band, slege visten (kornet) or dei, turka det i gruva og mole det på ei lita handkvern som var nokså vanleg i den tida.

Me skynar lite å verdsetja eit grautfat no, me kan gå til handels-

mannen og kjøpa fersk finmat av alle tenkjande slag. Men eg tenkjer at den svoltne mannen gjorde all æra på grauten og var takksam mot kona for det strevet ho hadde hatt.

OLA DEN FREDLAUSE

For hundretals år sidan levde det på garden Hemnes på Vest-Karmøy to grannar, Tor og Ola, som stødt var usams. Krangla gjorde dei med einannan til alle tider, og det skulde ha vore skiftelina mellom jordene deira det gjekk om. Tor var verst, og han skulle stødt gnaga seg inn på grannen si jord med skiftesteinane. Men når Ola fann at skiftesteinane var flutte inn på han om natta, då var det stødt skjora som hadde vore ute og flutt dei.

Ein kveld Tor heldt på å egla seg inn på Ola, gjekk det ikkje likare enn at Tor vart liggjande livlaus.

Nå var Ola ein fredlaus mann, og han laut sjå å koma seg burt frå bygda snøggast råd var. Det låg ikkje anna føre enn at han fekk ta huslyden med seg og fara før dagen rann. Dei raska ihop det mest naudturvelege og kom seg ned åt sjøen. Så tok dei båten og sette seg til å ro det dei vann mot vest — til øya langt vest i havet, Utsira.

Dei kom vel fram, og der slo dei seg til, bygde hus av stein og rekved som dei fann i strendene, veidde kobbe og sel, fanga fugl og fiska langst strendene så dei heldt svoltne frå livet.

Ein dag kom bror hans Ola til øya og ville sjå korleis det gjekk dei fredlause, og det vart til at han kom til å flutta der ut han med, så var dei to huslydar.

Men ei natt kom hemnarane innantil Karmøy og sette eld på huset hans Ola og brann han sjølv inne. Beingrinda hans vart gravlagt på øya, og med år og tider grodde tuftene til. Men dei unge vaks til og sette bu, og smått om senn vart dei fleire huslydar.

Sidan har granskarar rusla kring der ute på øya i havet og funne eit og anna, krukkebrot, fiskesteinar og litt av kvart frå ein vanleg småmanns heim for hundretals år sidan.

EI SEGN FRA GRØDEIM

For lenge sidan var det kyrkja på Sandve, det er vel frå den tida namnet Kyrkjeleite skriv seg. Der er ei segn om den gamle kyrkja:

På Grødeim var der brudlaup. Det var vinters dag, og isen låg på Grødeimsvatnet. Brudefylgjet tok snarvegen tvers over isen, men det vart ei ulukkesferd, dei gjekk gjennom isen alle i hop, og berre ein einaste vart berga, det var trommeslagaren; han flaut på tromma.

Dei hørde av og til barnegråt utanfor vatnet, det var eit barn som sutra og gret: «Mor mi går udi Sandvegaren med oppgreidt hår.»

PRESTANE KROG I SKUDENES

Om prestane Krog har det gått mange soger på Karmøy.

Den fyrste, Truls Christian Krog, kom frå Nedstrand til Skudenes i 1757. Faren, Christian Trulsen Krog, var og prest. I 1772 vart Truls Christian Krog prost i Karmsund. «I hans tid stansede sildefisket hvorved kaldets indteget forminske». Silda vart borte i 1784 og kom fyrst att i 1808.

Både Truls Christian Krog og sonen og etterfylgjaren i kallet, Fredrik Arntz Krog, var myndige menn.

Ein søndag Truls Christian Krog kom og skulle ha gudstenesta i Ferkingstad, var det regn. Kyrkja var då så ring at væta trengde inn gjennom både tak og vegger.

— Her går det ikkje an å vera, sa Krog. Nå går me til Åkra.

Dei så gjorde, men då dei kom til Åkra, var det like gale der og. Men Krog var ikkje den mannen som gav seg med det. Han var ikkje komen til Karmøy for å preika berre kvar gong det var opphaldsver. Så sende han bod på kyrkjeiegaren ¹⁾ at han skulle møte i kyrkja på fastsett dag og tid, og han kom så byrg som berre ein storbonde torde vera.

— Du forsømer ikkje å krevja inn tiend, men halda kyrkjene dine i stand, det er du ikkje så nøgje på, sa presten.

Då dei kom inn i kyrkja, vart bonden arg og banna då han svara presten.

1) Alle kyrkjene i Skudenes prestegjeld, Falnes hovedkyrkja og annekskyrkjene i Ferkingstad, Åkra og Bokn med tilhøyrande jordegods var ved kongeskøyta av 12/12 1724 selt til Daniel Danielsen Trosnavåg og broren Jon Danielson Arvik. I 1787 vart både Åkrakyrkja og Ferkingstadkyrkja selt til Anders Mikkelson Mannes og han selde dei i 1794 til Ole Bårdson Grinde som i 1810 selde dei til Peter Pederson Næss i Sunnhordland. Ved overrettsdom i 1818 vart kyrkjeiegaren frådømd bae kyrkjene for dårleg vedlikehald, segna må truleg ha samanheng med dette. Forteljaren kalla kyrkjeiegaren Viksemannen, men det kan snaut vera rett. Sjå om eigedomstilhøva: E. Bakkevik: Kirkesalg i Karmsund og Sunnhordland.

— Vågar du å banna i Guds hus, sa Krog.

— Då me var utanom veggan var det mitt hus, men nå me er komen innanføre, er det Guds hus, svara bonden.

Då vart presten arg.

— For dette lyt du bøta med fleire lodd sylv, sa han, og her dømer eg deg på staden at du skal rydja grunnen snarast råd, så skal eg syta for resten.

Men dei fleste soger knyter seg til sonen, Fredrik Arntz Krog. Han var fødd i Skudenes prestegard 28. oktober 1769, tok presteprøva i 1792 og vart i 1796 kapellan i Eidanger og Brevik «hvor han nød folks agtelse og yndest. — — Pietetsfølelse for sin avtrådte far og kjærlighed til barndomshjemmet beveget ham imidlertid til at søge det den gang lide indbringende Skudenes sognekald som han erholdt 1802 og hvor han forblev til sin død 13. august 1845».

Presten F. A. Krog var svært hjulpsam, og til han gjekk dei når dei var i beit for eitkvart.

Han Hans Sjøen i Akra hadde vore utkommandera 3 gonger og var komen seg heilskapa heim att kvar gong. Men så kom dei og ville ha han ut fjerde gongen. Dette tykte presten var reint for gale. Han Hans var ein stor og rørsleg kar, det var så, men det måtte då vera måte på for han Hans og.

— Me må sjå å finna på ei råd så mykje du kan sleppa denne gongen, sa Krog.

— Korleis vil du då bera deg åt? spurde Hans.

— Jau, svara presten, eg veit om ei gamal gjenta sør på Risdal; henne skal du sjå å få tak i og gifte deg med, og så skal eg prøva få gard åt dykk.

Men Hans hadde ikkje mot på å gi seg i lag med Risdalsgjenta. Fekk heller ta kongens klæde igjen då, meinte han.

— Ja, då veit eg om ei onnor bra gjenta her i di eiga bygd, ho Katrina Akra.

Ho Katrina var vel og bra i alle måtar, så kunne presten få det til, så var det ikkje han Hans imot.

Og presten var glup og fekk måta det så til at han Hans fekk både ho Katrina og gard — eit stykke prestejord på Varne — og slapp dermed å dra i kongens tenesta for fjerde gong.

Hans og Katrina vart buande på Varne i fleire år. Seinare flutte dei til Snarteberg i Akra. Dei fekk tri born: Tøres Snarteberg som fekk farsgarden og budde på Snarteberg all sin dag, Kristina gift

med Tøres Torrodl, dei reiste til Amerika, og Velom som døydde ugift.

Ein gong kom ein dansk adelsmann på vitjing til Karmøy, skulle sjå korleis til stod, korleis folk og øverheit skikka seg, om det var etter dansken sitt tykke eller ikkje. På ferda over Karmøy råka han på Krog som nett heldt på og eksera med karfolket på Ferkingstadslettene. Dansken var imponert over Krog og spurde kor han betjente sitt kall og kvar han hadde bustaden sin. Krog var av adelsætt og hadde ein sers vakker skapnad og byrg framferd.

— På sudaustre enden av øya, der bylgjene slår kring henne frå baa sider, der har eg bustaden min, svara Krog.

— Kunne det ikkje vera ein betre stad å finna for deg som er så gjæv ein kar? spurde dansken.

— Eg vil ingen betre stad ha meg enn den staden eg har. Der har foreldra mine butt, der er eg fødd, og der vil eg gjerne vera levedagane mine, og der vil eg døy eingong, svara presten.

Så vart han då all sin dag verande der bylgjene slo kring landet frå baa sider, og der døydde han nær 76 år gamal.

Ein dag kom Krog i røda med han Endre, ein gjæv bonde frå austre bygda, og nokon kastekjepp var han ikkje han heller. Krog kom til å klaga seg avdi han ikkje fekk nokon av gutane sine til å lesa til prest; han ville så gjerne hatt ein i kallet etter seg.

— Kunne eg berre få ein av mine til å verta menneske, eg, skulle eg vera meir enn nøgd, svara Endre og gav presten noko å tenkja på. Det vart då likevel til det at ein av sønene, Jørgen Sverdrup Krog, *) vart prest. Han var fødd i 1805, vart student i 1827 og tok presteprøva i 1833.

Var F. A. Krog ein gjæv kar, hende det og av og til at han møtte jamnlikingar. Når han var på Ferkingstad, budde han hjå han Mons Jonassen, Ferkingstadkongen kalla både avdi han hadde største garden og avdi han var sjeldan sterk og stor så dei nytta han til å halda folk i age. Var det nokon som tok seg føre eitkvart som ikkje var som det skulle vera, så gjekk dei berre etter han Mons. Så snart dei såg han koma, tok dei heim kvar til seg. Ein gong nesarane tok seg føre å spa torv over skifta med Ferkingstad og ikkje ville

*) Visseleg oppkalla etter Avaldsnespresten Jørgen Sverdrup som var samtidig med Krog. Sverdrup var misjonær på Grønland før han i 1789 kom til Avaldsnes. Han døydde der i 1810 og vart gravlagd i Bokn kyrkja som tilhørde Krog i den tida. Kista står under golvet den dag i dag.

lystra når dei sa dei til, gjekk folk etter han Mons, og så snart nesarane såg han, heiv dei både torvspa og tresko og tok ut heim på berre sokkane.

Krog hadde ein uvanleg klok hest. Han var lærd opp til å eksera og var svært flink, kunne dei gamle fortelja. Men hesten kunne ha sine luner nett som ein annan hest. Ein gong Krog hadde hatt preik i Ferkingstadkyrkja og som vanleg var tatt inn til han Mons, var hesten komen seg laus; han hadde stått i tjør. Då presten om kvelden skulle ri heim, ville hesten ikkje la seg ta, men sprang ut. Til sist var det ein heil ålmuge som var med og skulle fanga inn hesten, men han ville ikkje la seg ta på noko vis. Han dreiv og vassa over elva frå eine sida til hi, når karane var på eine sida, var hesten på den andre. Slik heldt dei det til folk vart trøytt og gjekk heim. Hesten var og lei vorten og gjekk heim til han Mons der han var van å vera. Då han Mons såg hesten koma, gjekk han opp på halvtaket — der var halvskutar i båe endar av huset — og på dei var toka svært låg. Med same hesten kom og stelte seg ved husveggen, sprang Mons frå toka og på hesteryggen og heldt seg fast. Dette lika ikkje Krog; han vilde vera bas sjølv og tolde lite at nokon var hans overmann. Men då gjekk Mons ned av hesten og gav han i det same eit rapp over baken.

— Nå kan du ta att hesten din sjølv, sa han til presten. Hesten la ut heilt til Vikasanden, og presten måtte vera natta over hjå han Mons.

(Forteljarar: Elias Dyrland, Jokkom Risdal, Madlina H. Nes, Talá Himmelsberg, Tomine Ekrene, Andreas Olsen Ferkingstad, Erik A. Ferkingstad, Faltin Halvorsen, Ole Halvorsen og Kaia Halvorsen Ferkingstad, Anders Nes. Segna om Ola den fredlause er høyrte m. a. av Elias Dyrland).